

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 28.04.2021

Torbjørn Vereide (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet, da hans familiemedlem sitt i styret i Næringshagen Hardanger. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd. Han gjekk frå sakshandsaminga.

Avrøysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet frå Vestland fylkeskommune til Siva for ekstraløyving til Siva sitt næringshage- og inkubasjonsprogram i møte med pandemien. Ref Stortingets Innst 233 S (2020-2021).

2. Vestland fylkeskommune overfører totalt 11,416 millionar kroner til Siva. Løyvinga er i sin heilheit finansiert av overføring frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) (tilsagsnummer 510 012).

3. I oppdragsbrevet til Siva ber vi dei fordele ekstraløyvinga ut frå informasjon om behov Siva har fått frå næringshagar og inkubasjonsselskapa. Av løyvinga er 5,6 millionar kroner øyremerkt kompensasjon for bortfall av eigenandel (25 prosent). Overskytande 5,816 millionar kroner skal fordelast på aktørane i programma. Oppdragsbrev frå KMD datert 3. mars 2021 gjev Vestland fylkeskommune moglegheit til å fordele midlane ut frå regionale behov og prioriteringar.